

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

| | |
|-----------|---|
| Råd: | Stord sokneråd |
| Tid: | Torsdag 21.september 2023 Kl. <u>18.50 – 20.40</u> |
| Møtestad: | Nysæter kyrkje |

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Arne R. Drønen og Reidun Andersen (sakshandsamar)

Forfall: Signe Vorland

Følgande nyvalde soknerådsmedlemmer deltok også i møtet som observatørar:

Leif Steinar Alfsvåg, Randi Agnetha Nysæter, Knut Johannes Gram, Magne Andresen, Runar Isdahl, Åslaug L. Nag, Njål Rune Sortland og Gjertrud Husøy

SAKLISTE

2023/50- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2023/51- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2023/52- 332 Godkjenning av valresultat og -protokoll

Protokoll for gjennomføring av soknerådsvalet skal godkjennast og underskrivast av valstyret (soknerådet). Det vert og opna for ei kort evaluering av kyrkjevalet som del av saka.

Følgjande moment kom fram under evalueringa:

- for få som stemmer, kun 4 stk under 18 år - prøve å få opp valdeltakelsen neste val
- Vaffelsteiking? – Talde opp dagen etter valdagen var positivt. - Ordning med fleire dagar med førehandsval i kyrkja i tillegg til digitalt? – ikkje sikert rett å samanlikne seg med kommunevalg. – var ei god synleggjering frå sentralt hold for kyrkjeval – Fekk ikkje valkort i posten i år, det har kanskje ført til lågare deltaking.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner valresultatet og valprotokollen som framlagd.

2023/53- 023 Plan for skuleåret 2023/2024 (Oppfølging av Sak 2023/44)

vedl 1

AU har samla innspela til satsingar og aktivitetar for skuleåret 2023/2024 som kom fram på juni-møtet og lagt dette inn i planløysinga «Kyrkja vår». Utkast til plan er sendt ut i haust og vert gjennomgått og vedteke på dette møtet.

Moment frå sakshandsaminga og drøftinga i møtet:

- Det vart fremja eit forslag (Forslag A) om eit tillegg under «Ressursar» for å løfte fram gudstenestelivet som ein ressurs. Dette vart teke inn i vedtaket.
- Det vart fremja eit forslag (Forslag B) om å legge til ei satsing som gjeld tilrettelegging av tiltak for betre inkludering av deltakarar med ulike funksjonsnedsettingar (HEL-arbeid).
- Det vart fremja eit kontraforslag (Forslag C) om å la satsingane stå urørt, men heller ta inn ei formulering i vedtaket om at ein ber diakoniutvalet utgje spørsmål om HEL-arbeid og kome tilbake med moglegheiter og eventuelle konsekvensar om ein skal prioritera eit slikt arbeid høgare.
- Redaksjonelt innspel: Oppdater satsing nr 3 (Ta med etternamn og inkluder Solbjørg Angeltveit i lista over nye tilsette).
- Diakoni: innspel på at satsingane som soknerådet har satt opp er mangelfulle når ein samanliknar med alle innspela frå diakoniutvalet. Diakoniutvalet står fritt til å ha fleire detaljar i sin oversikt over satsingar og aktivitetar enn det soknerådet summerer opp.
- Fokus på at denne planen er ein stafettpinne som me overleverer til nytt sokneråd, må ikkje bli for mykje. Dette er ein plan/startfase for nytt råd, nytt råd skal lage sin plan vidare. «Kirka Vår» er eit heilt nytt verktøy og dette er første gang me lager ein slik plan.
- Positivt og viktig at andre organisasjonar er nemnd konkret i planen.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak:

Soknerådet vedtek planen (satsingar og aktivitetar) for skuleåret 2023/24 som framlagd, med følgjande endringar:

Forslag A vart vedteke samrøystes, som gir følgjande tilleggspunkt under Ressursar:

- *Gudstenestelivet og gudstenestepulsen er ein ressurs som genererer økonomi, personell, innsats og samling. Det er ein tradisjon som gjev opne dører. Dåp / konfirmasjon gjev ei brei kontaktflate.*
- *Dei kyrkjeloge handlingane er ei naturleg brei kontaktflate overfor dei meir og mindre perifere medlemmene i kyrkja vår. Gravferd, gjev ei brei tilslutning og oppleving av å høyre til og verte ivaretaken. Vigslje gjev ei oppleving av at kyrkje tek i mot*

Forslag B vart vedteke med 5 stemmer (mot 4 stemmer for Forslag C), som gir følgjande tilleggspunkt under Satsingar:

- *Inkluderingsarbeid i kyrkja (HEL-arbeid).*
Vi ønsker ei kyrkje der vi alle høyrer til uansett funksjonsnivå og ressursar. Soknerådet ønskjer at vi som kyrkje legg meir aktivt til rette for deltaking for alle, både i eksisterande aktivitetar og potensielt i særskild tilrettelagde aktivitetar der det er naturleg.
Tilrettelegging av tiltak for deltakarar med ulike funksjonsnedsettingar.

2023/54- 362 Innarbeidning av nytt misjonsprosjekt i aktivitetane

Med bakgrunn i vedtaket frå 18.april (Sak 2023/34) har Stord sokn inngått avtale om nytt misjonsprosjekt med Normisjon med fokus på kyrkja på Cuba sitt arbeid. Misjonsavtalen er vedlagd som sakspapir. Soknerådsleiar orienterer om arbeidet, plan for deltaking på kyrkjelydstur og inviterer til drøfting av korleis vi lar dette prege resten av arbeidet vårt.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å gjere følgjande tiltak for å løfte fram misjonsprosjektet i tida framover:

- Deltaking på kyrkjelydstur i januar 2024: Ingvild B. Almås og Solveig Høyland (begge tilsette), Anders Dahl (soknerådet) og eit ektepar frå Nysæter blir med på kyrkjelydsturen som er sett opp i regi av Bjørgvin bispedøme.
- Ha ein temakveld i ettermiddag?
- Ha live-sending på sosiale medier?
- Ta inn misjonsprosjektet i trusopplæringa på tiltak der det er naturleg
- Gudsteneste(r) med misjonsprosjektet som tema
- Få jamleg informasjon frå Cuba – misjonsprosjektet frå Normisjon og bispedømmet, og aktivt dele denne informasjonen på kyrkja si facebookside og heimesida.
- Det er ei gave til oss at me får eit innblikk i korleis andre har det, liten innsats frå oss gir stor gevinst til dei
- Få Kjell Ove Hatlem med på ei gudsteneste/ foreining
- Oppnemne ein fast kontaktperson frå (det nye) soknerådet

2023/55- 362 Førespurnadar om konsert-samarbeid

Soknerådet har fått to førespurnadar om å samarbeide om konsertar framover:

- Ine og Edvard Hoem si framsyning "Alt vi har kjært" fredag 10. november, i regi av Falturiltu og i samarbeid med Stord Mållag.
- Koret «Reflex», 18. november, i regi av Frelsesarmeens. Dei tek kostnadane og risiko, men ynskjer gratis bruk av kyrkja mot at soknerådet vert medarrangør.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å samarbeide om dei to konsertane og profilera desse som del av kyrkja sitt arbeid. Det er ein føresetnad at kyrkja ikkje tek økonomisk risiko for evt underskot for desse arrangementa.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2023/56- 340 Oppstart av kor for utviklingshemma

Elfrid Kartveit har vore i kontakt med diaconiutvalet og forsøker å få til oppstart av eit kor for utviklingshemma som opplever tilhørsle i Kyrkja. Sjå vedlagd brev til sokneråda. Soknerådet bes vurdere om ein ønskjer å leggje til rette for at dette vert tatt inn som ein del av kyrkja sitt arbeid, og korleis ein eventuelt som kyrkje kan leggje til rette for tiltaket.

Vedtak:

Soknerådet er positive til oppstart av kor for psykisk utviklingshemma og legg vekt på at dette er eit arbeid for ei målgruppe kyrkja har lite anna tilrettelagd aktivitet for. Soknerådet ønskjer å leggje til rette for arbeidet gjennom å marknadsføre tilbodet og ønskjer gjerne at koret kan delta på ei gudsteneste når det er i gong. Soknerådet håpar det legg seg til rette for at Nysæter sokneråd/Stord kyrkjelege fellesråd kan stille Nysæter kyrkje til øvingar.

2023/57- 365 Juletrefest på Leirvik Bedehus

Sara Brosvik har teke kontakt for å dra i gong ein felles juletrefest for søndagsskulane på Stord (dvs. søndagsskulen i Kyrkja, søndagsskulen på Leirvik Bedehus og søndagsskulen på Hystad). Det er ønskjer å om å lage ein felles komité. Soknerådet drøftar om ein ønskjer å ta del i dette og kven som kan være aktuelle for å delta i komité.

Vedtak:

Soknerådet stiller seg særslig positiv til dette samarbeidet. Kirsti Frugård og Dag Kjetil Lægreid ynskjer å vere med i komiteen. Jørgen sjekkar om nokon av dei tilsette vil vere med dersom komiteen ynskjer f eks andaktshaldar.

2023/58- 411 Gjere jula synleg

Sokneprest Jørgen Knudsen har forslag til korleis me kan gjere jula meir synleg utanfor kyrkjebygget når me kjem til desember.

Vedtak:

Jørgen og Sigrid Beate Eskeland tar tak i dette vidare og inviterer frivillige til ein idedugnad. Sigrid tek ekstra ansvar for den estetiske vurderinga av aktuelle løysingar.

Moment / idear frå samtalen:

Enkel, estetisk installasjon, kort og gripande. Økonomi. Bruke porten som inngong til stallen. Legge ut på Facebook om nokon kan vere med i ein komite. Kanskje starte litt enkelt, og heller bygge det opp.

2023/59- 217 Arbeid med frivillige medarbeidrarar

Ei av satsingane for året er arbeid med frivillige medarbeidrarar. Soknerådet drøftar korleis me legg til rette for dette arbeidet i overgangen til nye medlemmer i utvala.

Vedtak:

Utvala vert oppmoda om å ta ein gjennomgang før sitjande sokneråd troppar av, og gå gjennom listene med frivillige medarbeidrarar. Staben har eit verktøy/kalender som heiter Medarbeideren. Utvala spør Reidun om lister over frivillige som står i dei enkelte gruppene/utvala.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. ~~«Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen~~
2. ~~Orientering frå Fellesrådet v/ Dag~~
3. ~~Innspel frå utvala~~
4. Kyrkjelydsleir – rapport, evaluering og dato for 2024 (haustferien) og 2025 (seint i oktober)
 - Kyrkjelydsleiren 1.–3. september var ein fin og avslappa leir, god komite, dumt at leiren kolliderte med konfirmantpresentasjon, mindre folk enn tidlegare.
 - Det er utfordrande å få leidt Brandøy til leir hausten 2024 og 2025.
Aktuell helg i 2024 er 11-13.oktober, som er i haustferien. Soknerådet trur ikkje det er ein god ide å ha leir i haustferien. Innspel om at det har vore diskutert å ha annakvart år leir

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

og «bu-heime leir» med ulike aktivitetar.

Hausten 2025 er det to helger seint i oktober som er ledig, i tillegg til haustferien.

- **Soknerådet ber kyrkjelivsutvalet leggje ein plan for tidspunkt og stad dei neste tre åra. Leiren er såpass viktig for kyrkjelyden at ein bør få på plass ei «fast» helg i åra framover.**

5. Endring av dato for soknerådsmøte frå 6. desember til tysdag 5. desember kl. 17.00-19.00

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 19. april 2023
2. Rekneskapsrapport per 31. mai 2023
3. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 15. juni 2023
4. Referat, diakoniutval, 23. aug 2023
5. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 28. aug 2023

Neste møte er torsdag 19. oktober. Nytt sokneråd er hjartegleg velkomne til å vere med.

Anders Dahl
soknerådsleiar

Reidun Andersen
sakshandsamar